

Referat frå geodatakontaktmøte i Nordhordland digitalt.

Tid 09:00 19.nov 2015

Møtestad: Kommunsetyresalen, Radøy kommune, Manger

Desse møtte: Kjell Rune Standal, Kjartan Medaas, Anngunn Marie Gullbrå, Alf Kvant, Rune Midtun, Kjersti Soltvedt, Øyvind Tolleshaug, Niels Torger Granum, Terje Villanger og Harald J. Stanghelle

Frå IKT NH møtte Runar Andersen.

Fråfall: Kjell Langeland og Anders Boge.

Saksliste

Kva er status sidan sist

Referat frå møtet 8. juni 2015

Stoda i kommunane

Arbeid i arbeidsgruppene

Kvalitetshandboka

Kapasitet på nett og ulike serverar

Arbeidsgruppe for betring av kapasitet på GIS/LINE

Status på ulike datasett, Kva datasett er «aktive», Ulike SOSI-versjonar og høgdereferansesystem

Kva må inn i Adaptiv 3 for å få det til eit godt innsynsverktøy, Opplæring

Kva er geodata si rolle i beredskapsarbeidet i kommunane?

GIS-ressurs

Val av representant til geodatautvalet

Eventuelt

Innkalling og referat godkjend.

Stoda i kommunane

Fedje, nedgang på inntekter frå 2014 til 2015, aktivitet og ikkje budsjett er styrande for inntektene. Mykje arbeid med bustadområde, mange eigalarar lagar mykje oppmålingsarbeid.

Gulen, litt nedgang i frådeling til hytter, er likevel endring med meir hytter i det siste. Mange småsaker som retting i Matrikkelen, arealoverføring, grensejustering. Folk er meir merksame enn før.

Klagesak til Fylkesmannen (FM) om frist på arbeid frå landmålar, Kartverket (KV) er klar på at arbeid med frist tek til når vedtak om frådeling er gjort. Fylkesmannen meiner at frist startar når saka er tilstrekkeleg opplyst. Den aktuelle saka vart handsama etter FM si meining og gebyr for oppmålingsarbeid måtte reduserast. Per no vert KV si meining lagt til grunn.

Strevar med GIS/Line, tregt, nedtid. Vert fort rydda opp i når IKT NH vert kontakta som regel.

Lindås, nedgang i frådelingar. Avdelinga har tatt over Infolandarbeidet og inntektene. Litt arbeid med skilt, Lurevegen "misser" enno skilt avdi det er usemje om namnet.

Radøy, litt oppgang i tal saker. Etterslep på grunn av mykje planarbeid, arbeid med rettingar (som Gulen) Noko tilbakebetaling av gebyr grunna fristar. Når startar fristen. Viktig å få avklart dette.

Austrheim, nedgang i tal saker. Er ajour. Klarar å halda fristar. Mange feil å retta opp i kartet. Bygningspunkt (BP)vekke frå Matrikkelen, KV finn ikkje at det har vore BP. Blei borte ved nytt høgdesystem. Både i Gis Line og KV klienten.

Kvar skal Austrheim kommune venda seg? Må dette leggjast inn på nytt. Niels Torger Granum sjekkar eldre SOSI filar som har vore skifta ut for å sjå om det er bygningspunktdata der.

Meland, mest småting. 700 000 over budsjett, rettare budsjett i år. Nokre store felt men mindre aktivitet enn før. Merkast i matrikkelarbeidet. Er ajour på oppmåling.

Masfjorden, få nye saker. Mykje småarbeid og retting. Temakartproduksjon til andre. Nedgang i inntekter.

Osterøy, oppgang i saker, byggefelt og innløysing av festetomtar. Adresseprosjektet ferdig neste år. 40% nyttilsett ressurs på oppmåling på plass.

GIS/Line, treg frå tid til annan, brukarar vert kasta ut. Laura Ve koordinerer GIS arbeid, eininga ser fram til møte med Niels Torger Granum i jan 2016.

Arbeidsgruppene.

QMS-gruppa

Kjersti Soltvedt, Anngunn Gullbrå, Niels Torger Granum og Harald J. Stanghelle

Dette ruller og går. Mindre arbeid no enn før.

Planregister

Laura Ve, Rolf Raknes, Terje Villanger, Kjartan Medaas, Tommy Veland og Harald J. Stanghelle

Har hatt demonstrasjon av Geodata AS si løysing, men dette er omlag som det me har i dag. Gruppa vil difor halda fram arbeidet med å følgja med.

WMS-gruppa

Kjersti Soltvedt, Niels Torger Granum og Rolf Raknes.

FME programvare og datauttak frå QMS overtar for WMS frå Norkart. Kjem til å laga WMS vidare frå Adaptive 3. WMs gruppa vert lagt ned.

Programkomite for landmålardagen.

Kjersti Soltvedt, Kjartan Medaas og Per Atle Sæle.

Komiteen er klar for programarbeid med landmålardagen 2016

www.nordhordlandskart.no

Leiar: Tommy Veland

Medlemar: Niels Torger Granum og Harald J. Stanghelle

Arbeidet går jamt og medlemene har tatt del på Avinet sitt brukarmøte. Tek gjerne imot innspel, og ynskjer medlemar.

Etter møtet har Masfjorden kommune kome med innspel på Roald Kvingedal som medlem, han vert medlem i gruppa.

Malar - dokument - skjema - rutinar. (Samanslått arbeidsgruppe)

Leiar: Kjell Rune Standal og Kjersti Soltvedt.

Medlemar: Anngunn Marie Gullbrå- Elise Molde - Harald Solheim og Kjartan Medaas.

Malar i sakssystemet er under lupa, andsynes fellesskjema vert det sett sett på Stord kommune sitt, rutiner er samla inn og sett i samanheng. Kvalitetshandboka er tatt i bruk på Osterøy, KS kvalitet, Osterøy kommune er pilot. Alle kommunane , utanom Austrheim, har kjøpt systemet. Gulen er på avtale saman med sognekommunane, ikkje KS men anna system.

Rutinar vert laga og delt der det er høveleg. Kommunane legg det i sitt kvalitetssystem.

Felles søknadsskjema, ein logo eller kommunelogo. Fagstyret avgjer logobruken.

Geodatagruppa ynskjer bruk av nhdigi logo, men høvet logo andsynes kommunevåpen må avklarast.

Lisensar og programvare.

Kjersti Soltvedt, Niels Torger Granum, Terje Villanger og Øyvind Tolleshaug.

Oversikt over alle modular er innfløkt. Ulike salsmåtar frå Norkart gjer arbeidet vanskeleg. Resultatet av samanstillinga er sendt kommunane for rydding.

Ein runde kring bordet om kva som eignar seg som system syner at dei fleste er nøgde slik det er og at oppgåvene vert utført. I Austrheim kommune er det interesse for å sjå nærmere på korleis Lindås kommune sitt system leverar, og i semje anbefalar geodatakontaktane at det vert gjennomført ein visningsdag på skilnad på GIS/Line og Winmap, og vil at programgruppa skal arrangera dette.

Oppdraget er overlevert.

GIS-dag.

Terje Villanger, Kjersti Soltvedt og Niels Torger Granum.

Gruppa planlegg denne til vårsamling og ynskjer brei deltaking frå alle fagområde i kommunane.

Kva må inn i Adaptiv 3 for å få det til eit godt innsynsverktøy

Møtedeltakarane tek utfordinga med seg og kjem med tilbakemelding innan 10. desember.

Rollar - korleis skal data delast mellom ulike brukargrupper, kven skal sjå kva osb.

Gui - ulike temakart som td kart for handsamarar, byggjesaker, friluftsliv mm. Adaptiv 2 har i dag 24 ulike kart, mange av desse kan vera aktuelle.

Opplæring - Austrheim kommune har starta å gjera seg erfaringar med bruk av A3. Dei vert viktige i arbeidet med rett opplæring. Fylkesmannen og Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har delt sitt opplæringsmateriale med Nordhordland digitalt. Det vert endra litt på og tilpassa.

Innspel skal sendast til Harald J. Stanghelle.

Kva er geodata si rolle i beredskapsarbeidet i kommunane?

Terje Villanger etterlyser bruk av kart og i beredskapsarbeid og ROS- i kommuane. erfaringane er at dette arbeidet går utan involvering av geodata. Alle hendingar skjer på ein stad i kommunen og handtering må innehalda kart.

Stoda er omlag lik i alle kommunar, der er viktig å kopla beredskap og kart på ein betre måte, gjerne saman med bruk av DSB-CIM. Som GISkonsulent for Nordhordland digitalt vil dette verta eit område han vilprioritera.

Møtet var samde i at geodata må koma i betre kontakt med beredskap.

GIS/Line

Bruken av GIS/Line er oppfatta ulikt i kommunane. For nokre er arbeidsdagen sterkt redusert effektmessig grunna dette. Brukarar vert stoppa midt i arbeidsoppgåver, vert kasta ut osb. IKT NH har nøyne overvaking av servara utan å kunna sjå særlege ting, løysingar må difor finnast saman med leverandøren av programvara.

Niels Torger Granum har avtalt med Norkart AS å ha møte om utfordringane og han har mynde til å setja saman eit lag som kan arbeid for å betre stoda.

Til drift av Winmap er det å seia at det ikkje er opplevd utfordringar på same vis, IKT NH seier at det ikkje kan samanliknast heilt. Det er drifta på ein annan måte men drifta er god. Dette vert stadfesta av Lindås kommune si oppmålingsavdeling.

Status på ulike datasett

Kva datasett er «aktive»

Ulike SOSI-versjonar og høgderefereancesystem

Niels Torger Granum informerte om datasetta og kan svara nærmare ved behov.

GIS-ressurs

Fagstyret har i budsjettet auka GIS-ressursen frå 20% til 50% f.o.m. 01.01.2016.

Geodatakontaktane ynskjer auken i form av to personar.

Niels Torger Granum, Meland kommune, 25% - Drifte og vedlikehalde QMS, FME, Adaptive arbeid m.m.

Terje Villanger , Lindås kommune, 25% - Analyser m.m.

Undersøkjer med plan kva behov dei har og beredskap, og bruk av DSB-CIM og GIS

Val av representant til Fylkesgeodatautvalet

Tommy Veland, Vara: Kjersti Furnes Soltvedt. Begge kan møta i utvalet ved ynskje om det.

Eventuelt

Gruppa ønskjer at det vert undersøkt om ein kan få avtale om rettar til nye eigedomar på plass før det vert gjeve løyve til deling av eigedom.

Det er ulik praksis på dette i dag. I nokre kommunar vert det stilt som vilkår i vedtaket at rettar skal på plass. Det vert då opp til landmålar å følgje dette opp i etterkant.

Kva seier lova?

Må avtale om rettar dokumenterast før det vert gjeve løyve til deling

Kan ein setje dette som vilkår i vedtaket

Kan kommunen krevje at avtalane vert tinglyst

Ettersom dette skjer før saka kjem til oppmåling, er det utanom arbeidsgruppa som skal sjå på malar, dokument, skjema og rutinar sitt mandat å vurdere dette.

Møtet ber om at fagstyret tar vidare korleis vi kan få til ein lik og god praksis på dette i kommunane.

(Saka vert levert fagstyret og svaret kjem i referatet der, sjekk med ditt fagstyremedlem om du ikkje får referatet.)

Manger 2. desember -2015

Harald J. Stanghelle

Referent